
Fra: Øystein Angelskår <oystein.angelskar@gmail.com>
Sendt: mandag 1. april 2019 00:02
Til: Hogne Haugsdal; Ordfører Lindås; Postmottak Lindås
Emne: Spørsmål ang nye opplysningar frå Eide Fjordbruk om utvidelse av oppdretsanlegg "Eikeberånæ" ved Mundal i Ostrefjorden. Sak 18/2444.

Fint at sakshandsamar i kommunen har funne att skriv frå sakshandsamar på fylket Vibekke Lokøy med vedlegg frå Eide Fjordbruk, med avklaring av at antall ringar (a' 100m diameter) er auka frå 6 stk slik som er beskrevet i søknaden om utvidelse til 8 stk som gjeld no. Kan ikkje finna desse opplysningane/ skrivet att i journalen for saka? Skal ikkje alt som vedkjem saka vera å finna i journalen for saka?

Kven er det som har ansvar for dette når dokumentasjon vert sent direkte til sakshandsamar og ikkje til "postmottak"?
Dette er i alle fall ei stor endring i forhold til dei opplysningane som dei som har hatt merknader/ kommentert saka før fristen for høyring utløp.

Kven er det som avgjer om saka må ut på ny høyring på grunn av feil i dokumentasjonen som føl saka? Er det fagavdeling? Administrasjon? Eller politisk, plan og miljøutvalget ?
Det kan umulig vera riktig med så store endringar i dokumentasjon fleire månader etter at fristen for høyring er gått ut.

Me er mange som er berørt og opptatt av denne saka og ser fram til at det er nokon på kommunen som kan svara på desse spørsmåla.

Mvh Øystein Angelskår. 97581083